



Arkivnr: 2014/17253-25

Saksbehandlar: Knut Djuve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.01.2017
Fylkesutvalet		26.01.2017

Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune - høyringsuttale

Samandrag

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen frå nytt kryss ved Slæn i Voss kommune til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune i Sogn og Fjordane, vert omklassifisert til kommunal veg når ny vegtrase i tunnel på E16 er ferdig. Strekninga som skal omklassifiserast er 9,8 km. Etter veglova § 7, 1 ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av riksveg. Hordaland fylkeskommune og kommunen der vegen ligg, skal få gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Grunngjevinga for omklassifisering er at vegen etter omlegging i hovudsak vil fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemder langs vegen, og knyte saman eksisterande kommunale vegar i området.

Fylkesrådmannen vurderer at vegen etter omlegging til ny E16 ikkje lenger oppfyller vilkåra for riksveg og vil få ein funksjon som kommunal veg, etter gjeldande retningslinjer. Statens vegvesen meiner samstundes at det er ønskeleg at heile vegen blir halde open av omsyn til det lokale transportbehovet, problemstillingar med skredfare for lokal transport, beredskapsrute for den nye tunnelen, og som sykkelrute.

Fylkesrådmannen vurderer at omklassifisering til kommunal veg kan medføre at heile strekninga ikkje vil bli halde open, slik Statens vegvesen ønskjer. Voss kommune har varsla at dei vil leggje ned mellompartiet av strekninga dersom kommunane må overta vegen, noko dei har heimel til etter veglova §7, 3 ledd.

Fylkesrådmannen tilrår likevel på bakgrunn av vegen sin endra funksjon, at vegen blir omklassifisert til kommunal veg etter opning av ny tunell mellom Hylland og Slæn, i samsvar med innstillinga til Statens vegvesen.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen på E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Sogn og Fjordane og Aurland kommune, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunell på strekninga mellom Hylland og Slæn.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.12.2016


Det skal byggjast ny E16 på strekninga mellom Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Som følgje av at E16 skal leggjast om har Statens vegvesen varsla at den eksisterande vegstrekninga mellom Slæn og Hylland skal omklassifiserast, jf. veglova. Ein føreslår at den omtala strekninga på 9,8 km vert omklassifisert til kommunal veg når ny vegtrase i tunnel er ferdig.

Etter veglova § 7, 1 ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Kommunen og fylkeskommunen der riksvegen ligg skal få gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Statens vegvesen vurderer at vegen sin funksjon etter opning av ny tunnel blir primært som lokal veg. Vegen vil knyte saman kommunale vegar i området, og vil fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemdar. Statens vegvesen uttaler samstundes at heile vegstrekninga bør haldast open som offentlig veg etter omklassifisering, av omsyn til det lokale transportbehovet i området og problemstillingar med skredfare. Vegen kan og nyttast som beredskapsrute om tunnelen til ny E16 må stengast, og som sykkelrute.

Statens vegvesen gir slik tilråding med følgjande forslag til statusendring:

«Statens vegvesen tilrår at vegen frå nytt kryss til Stalheim i Hordaland fylke til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert frå europaveg til kommunal veg. Vegen vil etter omlegging knyte saman eksisterande kommunale vegar i området, og vil i hovudsak fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemdar langs vegen.»



Voss og Aurland kommune, som er berørte kommunar har gjeve uttaler til forslaget. Begge kommunane er imot at vegen skal verta kommunal.

Voss kommune

Voss kommune seier i fråsegna at dei ikkje ønskjer å ta over den omtala vegstrekninga, og har «ein klar oppfatning» at det ikkje er rett å overlata ansvaret for denne vegen til kommunane. Voss meiner vegstrekninga har avgrensa nytte som lokal veg, og syner til at vegen vil vere beredskap for ein ny E16 i tunnel, og tilkomst til turistattraksjonar på Stalheimskleiva og Sivlefossen. Det er tre private vegar i Voss kommune med tilkomst til E16 nedom Stalheimskleiva på ein strekning på omlag 1 km av traseen. Kommunen uttaler mellom anna at, «*skulle resultatet verte at kommunane må overta vegen, vil vi måtte stenge og plombere tunnelane og deler av vegstrekka*».

Aurland kommune

Aurland kommune er også imot forslaget til omklassifisering. Ein syner til at det blir ein urimeleg økonomisk byrde for kommunen å ta over ansvaret for den rasutsette vegen. Dei viser og til at vegen er tilkomst til «nasjonale turistattraksjonar» som Stalheimskleiva og Sivlefossen.

Aurland formannskap gjorde følgjande vedtak (FS 046/16):

Aurland kommune går i mot at E16 på strekninga Slæn – Hylland ved nedklassifisert til kommunal veg i Aurland kommune samband med bygging av ny E16 i området.

Vegstrekninga er sers utsatt for ras og vil ha funksjon som omkøyringsveg ved stengt tunell på E16.

Aurland kommune finn det urimeleg å verte påført økonomisk byrde ved å overta ei vegstrekning som er sterkt rasutsett og som elles fører fram til nasjonale turistattraksjoner som t.d. Stalheimskleiva og Sivlefossen.

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Den omtala vegen vil få endra funksjon når nye E16 blir opna, slik Statens vegvesen legg til grunn. Vegen vil knyte saman private og kommunale vegar og eigedommar til kommunen sitt vegnett, og vil ikkje lenger ha ein funksjon som riksveg. Dette tilseier omklassifisering til kommunal veg etter gjeldande retningsliner.

Statens vegvesen uttaler samstundes at det er ønskjeleg at heile vegstrekninga blir halde open som offentlig veg av omsyn til det lokale transportbehovet, problemstillingar med skredfare, beredskapsrute dersom den nye tunnelen på E16 må stengast, og som sykkelrute.

Fylkesrådmannen syner til at Voss kommune opplyser i fråsegna at dei vil stenge delar av vegen (Stalheims- og Sivletunnelen) dersom vegen vert omklassifisert til kommunal veg. Funksjonen som beredskapsveg fell då vekk. Dersom Statens vegvesen meiner at dette ikkje er akseptabelt ut frå eit beredskapsomsyn, så bør vegen vidareførast som riksveg.

Med det atterhaldet vil fylkesrådmannen rå til at gamlevegen på strekninga Slæn i Voss kommune til fylkesgrensa mot Sogn og Fjordane og Aurland kommune får endra funksjon til kommunal veg når ny tunell på E16 blir opna.